



Advokatfirmaet Wiederstrøm & Lodtz AS  
Postboks 494 Sentrum  
5805 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/813 - 18/760

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
11.01.2018

## Byggesak gbnr 45/10 Manger - kaianlegg og planering av industriområde - stadfesting av mottak av klage

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 20.12.17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av kommune, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

### Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtatt og underretta til partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg vurdering, basert på ein førebels vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154.

Bakgrunnen for regelen om utsett iverksetting, er omsynet til rettstryggleiken, ved at den kan hindre at gjennomføringa av vedtaket fører til uoppretteleg skade eller tap, anten for byggherre eller nabo. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka. Det er heller ikkje lagt fram nye opplysningar i klagen som verkar inn på den konkrete avgjerda.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på s kjar/tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Denne avgjerda etter forvaltningslova   42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast p . Fylkesmannen kan p  sj lvstendig grunnlag ta stilling til sp rsm let om utsett iverksetting i saka. Eventuelle f respurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSEN
----------------	--------------	------	------------------

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Wiederstr�m & Lodtz AS	Postboks 494 Sentrum	5805	BERGEN
---------------------------------------	----------------------	------	--------